

# Dvergsutton - Ei nesten gløymd lokalhistorie

Av Jermund Rekkedal

Truleg har det budd folk i Åheimsdalane; Sundalen og Almklovdalen, i fleire tusen år. Dette er grøderike dalar, der ein veit at jord- og skogbruket var viktig. I dag kjenner vi disse dalane først å fremst for dei eventyrlege førekommstane av olivin. Men at dette området var spesielt finn vi igjen frå tidlege skrifter.

Ein av dei mest kjende skribentane er Presten Hans Strøm, som rundt 1750 beskriv førekomsten som: "Pur sandsten som trenger at nøie undersøkes" Det viste seg at Strøm her tok feil, det var ikkje ein sandsteinsførekommst han hadde beskrive. Han hadde derimot oppdaga og anbefalt for undersøking, verdas største og reinaste kjente olivinførekommst. Allereie på slutten av 1800 – talet starta geologar og vitenskapsmenn opp med å undersøke olivinførekommsten i dalane. Resultata vart at den Norske Stat etablerte selskapet A/S Olivin i 1948. Dette selskapet eksisterar den dag i dag, no under namnet Sibelco Nordic. Bruken av olivinstein starta likevel lengje, lengje før. Olivin til bruk som bryne og som reiskap for flåing av dyr har vore i bruk i mange generasjonar.

Mindre kjent er olivin og peridot sin viktige funksjon som åndelege og religjøst "verktøy". Eller brukt som statussymbol og smykke. Internasjonalt er peridot kjent for å kunne verne mot mørke makter. Vi veit at peridot er edelsteinen for august månad og at dronning Kleopatra eigde ein stor peridot. Likeins har den norske Kongekrona ein fin stor peridot. Vi veit også at krossfararane brukte peridot som betalingsmiddel og garanti i den moderne "bankhistoria" sin spede byrjing. På engelsk vert peridot kalla "The Evening Emerald", altså nattas smaragd. Dette fordi den lyser fint i mørket, berre i skinet av ei enkel lampe eller eit stearinlys.

Historiene om "Dvergsuttane" er etter det ein kjenner til, lokale historier. Historiene har vorte fortalt frå slektsledd til slektsledd i mange generasjonar. I mange år har ein leitt etter lokal skriven dokumentasjon om peridot, krystallar og dvergsuttar. Ein har prøvd å finne ut kor lenge historiene har gått og om

generasjonane før oss la vekt på desse vakre steinane, slik dei har gjort i resten av verda der peridotene er funne. Hausten 2010 skulle verte eit historisk vendepunkt.

## Dvergsutton og sagnet

Historia som sannsynleg er fleire hundre år gammal og har gått i frå slektsledd til slektsledd. Den lyder omtrent slik: Av og til kunne bøndene finne stolpeforma stavar med rein olivin rundt om kring på gardane eller i utmarka. Ofte var desse steinstavane dekka av eit fint naturleg talklag, dette gjorde at dei var glatte og gode å holde i. Fann ein veldig fine eksemplar, kunne ein sjå gjennomslag av den grøne peridoten i endane på stolpane.

Skrapa ein av talken, eller fann "suttane" i elva, kunne disse vere heilt grøne og klare. Desse steinstavane eller enkeltkrystallar i rein olivin, kalla ein altså "dvergsuttar". Ein trudde at det var dvergane, eller dei underjordiske/ småfolket, som eigde dei eller hadde laga dei. Fann ein slike skulle dei leggast over fjøsdøra slik at dei underjordiske vart blidgjorde og buskapek fekk vere i fred. Vi veit at her har eksistert fleire munnlege kjelder og historier om "dvergsuttane". Den klaraste anbefalinga var altså å legge dei over fjøsdøra, ei anna anbefaling var å la dei ligge i utmarka.

Men her er lite skrifteleg dokumentasjon. Dette er historier som har gått på folkemunne i fleire hundre år. Hausten 2010 vart det tilfeldigvis funne nokre ord om "Dverg sutton", eller "Dverg Smie" som det her vert kalla i Hans Strøm sin notatbok" Annotations Boog over Merkverdigheder som udi Syndmørs Fogderi forefinnes" anno 1756. Opplysningsane er utelata i hovedverket til Strøm "Beskrivelse over Fogderiet Sødmør" som vart utgitt i 1766.

Derfor var det ei stor overrasking, og glede å finne skreven dokumentasjon på at denne legenda verkeleg stamma frå så langt tilbake. Truleg er dette sagane endå eldre. Hans Strøm skriv i notatboka si: "Cristal findes der helst i feed jord som Anger og huusstøfter, gierne icke



DVERGSUTTEN "BIRTHE" 56,10 CT

FOTO: (C) J. REKKEDAL

større en en finger af lengde og tykkelse, Men likesom sleben eller Smied, hvorfor man kaller den Dverg Smie, tænchende at undergjordiske har smidd den saaledes, og brukende overtro dermed thi naar deres Kiør (Kyr) icke melcer reen Mælk, saa siger de at Dvergen Suer da over den Steen, derfor kand man lide faa av denne sten".

Den nedskrevne betraktingen frå Strøm gjer at ein har no har fått to retningar på desse historiene. Historia som har gått på folkemunne har ei konkret løysning på eit problem, som nærmast må betraktast som positivt. Den andre er utan tvil med negativt forteikn. Historiene er heilt klart beslektta og på folkemunne har den positive overlevd mens den negative har døydd ut. Kva som er grunnen til dette kan ein spekulere i, kanskje ville bøndene ha krystallane for seg sjølv. Og derfor gav Strøm ei negativ historie? Men dette vert berre spekulasjonar. Artig er det i alle fall at historiene stemmer så godt overens og at ein kan få bekrefta at gamle myter fortalt i mange generasjonar stemmer med gamle skrifter. Slike oppdaginger er nesten for gode til å vere sanne, notatboka til Støm ser akkurat ut som mi eiga notatbok, der ein skiftar frå emne til emne uavhengig av geografi emne eller sak.

Endå ein gong har ein fått bekrefta at myter som vert fortalt kan overleve i lang tid, samtidig som her er substans i det som vert fortalt. Etter dette har eg vorte endå meir overbevist om at vi bør lytte og lære av desse historiene. At peridoten er ein av dei mest "mytiske" edelsteinane som finnast er det liten tvil om. Heilt sidan Farao si tid har den vore nytta som symbol på makt og styrke.

Dei aller største og finaste dvergsuttane har fått kvinnenamn, som t.d. Birthe på biletet. Norsk olivinsenter har vore så heldig å få låne fleire til denne unike utstillinga. Dette er ei utstilling som er heilt unik i verdssamanhang. Ingen andre plassar i verda er her funne peridotar av denne kvalitet og størrelse. Ta gjerne kontakt for eit besøk i eit unikt geologisk miljø, vi organiserar guida turar til dei mest kjende olivin/granatperidotitt og eklogittområda i verda.

## Referanser

Annotations Boog over Merkverdigheder som udi Syndmørs Fogderi forefinnes indrettet Anno 1756.